KONTROLLUTVALET I
AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	4/16
Møtedato:	15.9.2016
Tid:	Kl. 09.30 – kl. 12.15
Møtestad:	Kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr:	20/16 – 29/16
Møteleiar:	Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Møtande medlemmer:	Ole Rakvåg, nestleiar (H)
	Håkon Inge Sporsheim (Frp)
Forfall:	Oddbjørg Sporsheim (V)
	Bjørg Hukkelberg (Ap)
Møtande vara:	Jørgen Svenheim (Sp)
Ikkje møtt:	Ingen
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Einar Andersen, forvaltningsrevisor
Av øvrige møtte:	Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef drift (under sak OS 16/16 og sak 27/16)
	Protokollen vert formelt godkjent i neste møte

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste.
Sak 27/16 vart handsama etter sak 21/16.

Innkalling og sakliste vart godkjent med denne endringa.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 20/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 9. JUNI 2016
PS 21/16	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 22/16	OVERORDNA ANALYSE – PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019
PS 23/16	OVERORDNA ANALYSE – PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019
PS 24/16	REVISJONEN SIN RAPPORT FOR 1. HALVÅR 2016
PS 25/16	REVISJONSPLAN FOR REVISJONSÅRET 2016
PS 26/16	INNHALD OG OMFANG AV RAPPORTERING UNDERVEGS I REKNESKAPSÅRET
PS 27/16	OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK
PS 28/16	FORSLAG TIL BUDSJETT FOR 2017 FOR KONTROLL OG TILSYN
PS 29/16	OPPFØLGINGSLISTE

PS 20/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 9. JUNI 2016

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 9. juni 2016 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:
1. Oddvar Hoksnes
2. Håkon Inge Sporsheim

Kontrollutvalet si handsaming
Oddvar Hoksnes og Håkon Inge Sporsheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 9. juni 2016 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:
1. …….
2. …….

PS 21/16	REFERAT OG ORIENTERINGAR

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

RS 10/16 **Årsmelding 2015 – Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal**

RS 11/16 **Overgang fra Kommunerevisjonsdistrikt 2 til Møre og Romsdal Revisjon IKS** – brev til kommunene fra Kommunerevisjonsdistrikt 2 i M&R, datert 29.6.2015

RS 12/16 P**rotokoll fra møte i styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 7.9.2016**

Orienteringssaker:

OS 16/16 **Endeleg tilsynsrapport, Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole** (3 avvik)**,** fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 20.06.2016

Sekretær forklarte innleiingsvis at alle tilsynsrapportar vert lagt ved som orienteringssaker, fordi dette kan vere områder som også kontrollutvalet bør følgje med på.

Fleire av utvalsmedlemmene gav uttrykk for at det var vanskeleg å forstå innhaldet i rapporten, og at fylkesmannen burde få tilbakemelding om dette.
Kommunalsjef drift, Jan Erik Hovdenak var ikkje bedt om å møte knytt til denne orienteringssaka, men sidan han var til stades for å orientere knytt til ei anna sak, svarte han på nokre spørsmål og fortalte om den vidare prosessen for handsaming av rapporten. Hovdenak seier at kommunen også har hatt møter og vore i munnleg dialog med fylkesmannen om rapporten. Hovdenak opplyser at rektor og pedagogisk konsulent har arbeidd saman for å lukke desse avvika.

Kontrollutvalet konkluderte med at dei ønskjer å få tilsendt kommunen sitt svar til fylkesmannen om korleis dei har lukka avvika og fylkesmannen sitt tilsvar til kommunen. Kontrollutvalet ønskjer også å få ei orientering frå administrasjonen om innhaldet i tilsynet, då dei syntes det var vanskeleg å få ei forståing for dette fagfeltet ut frå denne tilsynsrapporten.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 22/16	OVERODNA ANALYSE – PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019

Kontrollutvalet si tilråding

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen eller prioritere andre tema for forvaltningsrevisjons-prosjekt, dersom desse uføresett oppstår i planperioden.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær orienterte om bakgrunn for forslag til innstilling frå sekretariatet og informerte om at bestilling av prosjekt vil bli behandla som ei eiga sak i kontrollutvalet i eit seinare møte, og vidare ca. 1 gang i året ut planperioden.

Forvaltningsrevisor Einar Andersen forklarte bakgrunnen for at revisjonen i planen har prioriter tema og ikkje prosjekt. Dette er fordi situasjonen endrar seg mykje i løpet av planperioden, også som følgje av administrasjonen sitt eige arbeid.

Utvalsmedlemmene hadde ein grundig diskusjon på om det var rett å legge fram planen slik revisjonen foreslår, eller om ein burde prioritere til dømes tre tema/prosjekt, slik at kommunestyret får delta i den prioriteringa.

Utvalsmedlemmene konkluderte med å legge fram planen slik utkastet til revisjonen viser, ein vil då truleg ha større sjanse for å velje tidsaktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Det vart i møte satt fram forslag om at kontrollutvalet også måtte ha høve til å prioritere andre tema enn dei som kjem fram i planen, dersom noko uføresett oppstår i planperioden.

Det vart difor foreslått eit tillegg til forslag til sekretariatet si tilråding, slik at vedtaket blir som følgjer:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen eller prioritere andre tema for forvaltningsrevisjonsprosjekt, dersom desse uføresett oppstår i planperioden.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019, og gir kontrollutvalet fullmakt til å prioritere mellom tema som er omtala i planen.

PS 23/16	OVERODNA ANALYSE – PLAN SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

Kontrollutvalet si tilråding

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for selskapskontroll for perioden 2016-2019. Det er i planen ikkje lagt opp til at det skal prioriterast selskapskontroll i denne valperioden.

Kontrollutvalet vert gjeve fullmakt til å prioritere prosjekt dersom utvalet finn dette naudsynt, eller dersom det kjem førespurnad frå andre kommunar om å delta i selskapskontroll på interkommunalt selskap.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet ser det ikkje som særleg aktuelt å prioritere selskapskontroll i denne planperioden, men det kan vere aktuelt å delta i ein selskapskontroll på eit interkommunalt selskap saman med andre kommunar.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 24/16	REVISJONEN SIN RAPPORT FOR 1. HALVÅR 2016

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonen sin rapport for 1. halvår 2016 til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær orienterte kort om at det ikkje kom fram noko i rapporten som ikkje skal vere kjent for utvalet frå tidlegare.
Forvaltningsrevisor Einar Andersen orienterte om kvalitetskontrollen som skal gjennomførast på revisjonen i haust.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 25/16	REVISJONSPLAN FOR REVISJONSÅRET 2016

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonsplana for revisjonsåret 2016, saman med revisorane si vurdering av sjølvstende, til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming
Utvalsmedlemmene hadde fleire spørsmål til området regskapsrevisjon i den framlagte revisjonsplanen. I dette møtet var det ikkje til stades regnskapsrevisor. Utvalsmedlemmene ynskjer difor at regnskapsrevisor i neste møte kan forklare nærare kva som ligg i nokre av dei prioriteringane som ligg i revisjonsplanen.

Dette gjeld:

- «Vesentlighetsgrense. Kommunens gode økonomi gir rom for en høyere vesentlighetsgrense. Den totale vesentlighetsgrensen for Aukra kommune er satt til 7 mill. kroner i regnskapsåret 2016.»
- «Salgsområde. Den iboende risiko knyttet til fullstendighet bør følges opp nærmere både ved en kartlegging av rutiner med tilhørende test av kontroller og ved analyse av regnskapstallene. Detaljtester vil også bli vurdert hvor hensiktsmessig (avstemmingskontrolle etc.). Risikoen for feil er høyere på ikke rutinemessige transaksjoner.»
- «Påse av administrasjonen forstår innholdet i fullstendighetserklæringen (rådmannen signerer på at regnskapet er fullstendig) og engasjementsavtalen.»
- «Se nærmere på arbeidsavtaler for lærere.»

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 26/16	**INNHALD OG OMFANG AV RAPPORTERING UNDERVEGS I REKNESKAPS-ÅRET**

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet utsett behandling av saka til neste møte.

Kontrollutvalet si handsaming

Administrasjonen var forhindra frå å vere til stades under handsaming av denne saka.

Det vart framsett forslag om å utsette handsaming av saka til neste møte, slik at administrasjonen kan vere til stades og hjelpe til å belyse saka og svare på spørsmål.

Kontrollutvalet utsett behandling av saka til neste møte

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen til å presentere ei prognose i ei tilleggskolonne for utviklinga og status for heile året basert på kommentarar. Dette gjelder alle linjene i skjema 1A og 1B.

PS 27/16	**OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK**

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av oppfølging av politiske vedtak til orientering.
Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen om å legge oversikt over vedtaksoppfølging inn i perioderapporteringa til kommunestyret.

Kontrollutvalet si handsaming

Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef drift, var til stades i møte for å orientere og svare på spørsmål frå utvalet.
Hovdenak peikar innleiingsvis på at sekretariatet har missoppfatta lista når det gjeld kva årstal sakene som ikkje er sett i verk er i frå. Det årstalet som kjem fram i lista er når saka vart oppretta i det elektroniske saks- og arkivsystemet, ikkje når det politiske vedtaket vart gjort. Det er såleis ein mangel med lista at det ikkje kjem fram kva år vedtaket vart gjort. Det er den politiske saka som er grunnlagt for kontrollutvalet si oppfølging, ikkje saka i saks- og arkivsystemet.

Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen om å gjere vedtaksoppfølginga til ein meir automatisert prosess, slik at ein ikkje treng å gå langt tilbake i tid og lage eigne oversikter. Utvalet vil difor oppmode om at administrasjonen legg vedtaksoppfølginga inn i perioderapporteringa til kommunestyret, slik fleire andre kommunar gjer.

Det vart i møte framsett forslag om å legge til følgjande tillegg til sekretariatet si tilråding.

> *Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen om å legge oversikt over vedtaksoppfølging inn i perioderapporteringa til kommunestyret*

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av oppfølging av politiske vedtak til orientering.

PS 28/16	**FORSLAG TIL BUDSJETT FOR 2017 FOR KONTROLL OG TILSYN**

Kontrollutvalet si tilråding

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2017 med ei ramme på kr 570 000.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Det vert teke atterhald om justering av beløp til kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær orienterte om innhaldet i budsjettforslaget og saksframlegget.
Utvalsmedlemmene vurderte om det var behov for å justere nokre av budsjettpostane.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 29/16	**OPPFØLGINGSLISTE**

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Oppfølging av politiske vedtak
Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av formannskapet, kommunestyret, drift og arealutvalet, livsløpsutvalet og andre politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å kontrollere at administrasjonen sett i verk og gjennomfører dei vedtak som er vedteke av dei ulike politiske organ. Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt ei slik sak.
15.09.16: Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16.Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret.

Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa (ny sak)
Endeleg tilsynsrapport, skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole (3 avvik). Utvalet frekk framlagt rapporten i dagens møte (OS 16/16). Kontrollutvalet ønskjer å få tilsendt kommunen sitt svar til fylkesmannen om korleis dei har lukka avvika og fylkesmannen sitt tilsvar til kommunen. Utvalet ønskjer også å få ei orientering frå administrasjonen om innhaldet i tilsynet, då dei syntes det var vanskeleg å få ei forståing for dette fagfeltet ut frå denne tilsynsrapporten.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk i gjennom dei sakene som var lista opp i saksframlegget.

Til dette møtet var det ikkje lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til oppfølgingslista.

Det vart ført opp 1 ny sak på oppfølgingslista:

- **Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Håkon Inge Sporsheim

Jørgen Svenheim

Jane Anita Aspen
sekretær